



Møteprotokoll

Talgje sokneråd

Møtedato: 20.03.2024 kl. 19:00
Møtestad: Innbyggartorget, Judaberg
Arkivsak: 23/04560

Til stades: Ola Aasland Vold, Eilef Johan Gard, Terje Kjølvik, Ingrid Eiane Setvik, Ottar Sandanger, Anita Fjukmoen, Margunn Madsen Hovda, Merete Meling Kindingstad

Frammøtte
varamedlemer: Else Jorunn Løland, Jon Olav Runestad

Forfall: Beate Steinsvik Jansen; Jon Fredrik Hartvedt

Andre: Ingvild Angelskår Moen

Protokollfører: Heidi Bø Sangedal

SAKSLISTE		Side
Godkjenning av innkalling og saksliste		
11/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
Godkjenning av protokoll		
12/24	Godkjenning av protokoll frå forrige møte.	2
Saker til behandling		
13/24	Avtale om misjonsprosjekt for 2024 - 2028	3
14/24	Tildeling av takkoffer for hausten 2024	4
15/24	Godkjenning av årsmelding for kyrkjelyden 2023	4
16/24	Ang. bruk av kyrkjene våre til guiding etc	5
17/24	Utnemning av representant til diakoniutvalet	6
Orienteringssaker		
18/24	Orienteringssaker	7
Eventuelt		

Sted 16.07.2024

Eilef Johan Gard
Leiar

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

11/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	11/24

Saksorientering

Innkalling og sakliste er sendt ut til medlem og varamedlemmer om lag ei veke før møte.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent slik det ligg føre.

Møtebehandling

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

12/24 Godkjenning av protokoll frå forrige møte.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	12/24

Saksorientering

Referatet frå forrige møte blei sendt ut til møtande medlem like etter møte, evt. endringar er teke med i det vedlagte referatet.

Vedtak

Referat frå forrige møte vert endeleg godkjent.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

13/24 Avtale om misjonsprosjekt for 2024 - 2028

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	13/24

Saksorientering

Talgje sokn har i den siste perioden hatt eit misjonsprosjekt i Guayaquil i Ecuador – det er misjonsalliansen som driftar arbeidet der. Dei har ein diakonal profil på verksemda si. Me har hatt mål om å samle inn kr 50 000,- pr år og det har me også gjort. I åra me har hatt prosjektet har me brukt litt tid på informasjon og det å gjere seg kjent med landet og arbeidet, det kan derfor vere litt greit at det av engasjement som er sådd kan få modnast ein periode til. Spørsmålet nå er om me vil forlenga avtalen med Misjonsalliansen i Ecuador, evt eit anna land som dei støttar evt ha eit nytt prosjekt. Eilef vil legge fram saka i møte.

Forslag til vedtak

Soknet viderefører avtalen med Misjonsalliansen i 2024 - 2028

Vedtak

Soknet viderefører avtalen med Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador for perioden 2024 - 2028

[Lagre vedtak]

14/24 Tildeling av takkoffer for hausten 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	14/24

Saksorientering

Vedlagt er forslag til takkoffer i gudstenestene for hausten 2024. Ein har teke utgangspunkt i tidlegare vedtak om å gje om lag halvparten til misjonsprosjektet og halvparten til eigen kyrkjelyd. I tillegg er det sett inn ofring til Open hall i samband med konfirmasjonsgudstenestene, samt to ofringar i året til Kirkens SOS pga medlemsskapet vårt der (dette er ivareteke i jan.-aug.ofringane) samt ei ofring til speidararbeidet og Kirkens nødhjelp på julafta. Så er det sedvane for NMS i januar og Bibelselskapet i februar.

Det vert kvart år sendt ut ein felles søking om offer frå organisasjonar som ønsker offer frå Den norske kyrkja, i tillegg får me av og til direkte mail frå lokale organisasjonar eks. Pilgrimsgarden.

Det er opp til soknerådet å vedta lista slik den er eller komme med nye forslag til ofringar.

Forslag til vedtak

Offerlista vert godkjent slik den ligg føre evt med endringar som kjem fram i møte.

Vedtak

Offerlista vert godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

15/24 Godkjenning av årsmelding for kyrkjelyden 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	15/24

Saksorientering

Det skal vere årsmøte for soknet etter gudstenesten i Talgje kyrkje 5. mai kl 1200
Årsmeldinga ligg ved samt ein rapport frå u- kirken. Årsrapporten for Fogn kyrkje ligg ute på heimesida.

<https://finnoykyrkja.no/Portals/19/Bilder/ARSRAPPORT%20FOGN%20KYRKJE%202023.pdf>

Alle årsmeldingane vert lagt ut der når dei er godkjent i sokneråda.

Forslag til vedtak

Årsmeldinga vert godkjent slik den ligg føre.

Vedtak

Årsmeldinga vert godkjent slik den ligg føre.

[Lagre vedtak]

16/24 Ang. bruk av kyrkjene våre til guiding etc

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	16/24

Saksorientering

Stavanger krk fellesråd fastsett takstar for utleige av alle bygg. Pr i dag vil det koste kr 3500,- å leige kyrkjene i våre sokn til arrangement. Når soknet er medansvarleg er det gratis å bruke kyrkjerommet. Då vil det vere naturleg å dele eit evt overskot mellom soknet og aktøren som har arrangementet. Når grupper kjem til f.eks Sjernarøy eller Hesby kyrkje er det slik at dei betaler kr 30,- pr person som er innom. Det same vil vere naturleg ved besøk i våre kyrkjer. Eit gruppebesøk kan enkelte gonger også inkludere eit samvær som har preg av å vere meir eit arrangement enn eit besøk, då kan det og vere naturleg at ein betaler kr 30,- pr person til soknet.

Forslag til vedtak

Ved gruppebesøk i kyrkjene våre betaler pr person kr 30,- til soknet.

Møtebehandling

Det vart i møte drøfta litt ang. leigeinntekter frå aktør, om dette gjekk an å ha på anna vis, f.eks % utbytte av billettinntekter. Evt. også om dette med kr 30,- pr person skulle gjelde frå 1.sept. - 24

Vedtak

Soknerådet utsett saka i påvente av at dagleg leiar sjekkar ut litt kring dette til neste møte.

[Lagre vedtak]

17/24 Utnemning av representant til diakoniutvalet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	17/24

Saksorientering

Anne Margrete Bjerga frå Halsnøy er spurt og har takka ja til å vere med i diakoniutvalet i 2024 og 2025 I tillegg er Else Jorunn Løland med i utvalet frå Talgje sokn.

Forslag til vedtak

Anne Margrete Bjerga utnemnst til representant i diakoniutvalet for 2024 og 2025

Vedtak

Anne Margrete Bjerga utnemnst til representant i diakoniutvalet for 2024 og 2025

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

18/24 Orienteringssaker

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Talgje sokneråd	20.03.2024	18/24

Saksorientering

Sakene vert lagt fram enten munnleg i møte eller forventa gjennomlese på førehand.

Forslag til vedtak

Sakene vert tatt til orientering.

Møtebehandling

Informasjon frå ungdomstinget i haust v/Beate – utsettes pga forfall

Info frå rådsleiarsamlinga v/Eilef

Info frå årsmøte i Kirkens SOS v/Else Jorunn

Melding frå bispedømet til gjennomlesing.

HØP 2025 – 2028 – info til gjennomlesing.

Referat frå ansvarskomiteen - til gjennomlesing.

Protokoll frå Stavanger krk fellesråd – til gjennomlesing.

Oppfølging kyrkje båten og markering av jubileum i mai – 24 NB! Emblem

Planlagt i vårt sokn: 17. mai Fogn Komite: Ottar, Merete og Heidi

23. mai Halsnøy – båt på vatnet ved bedehuset knytta til pinsevandringa for 4.kl

26. mai Talgje – speidargudsteneste i Gardsvågen, evt opplegg knytta til den gamle kyrkjevegen frå «Fognastøa» til kyrkja..

Status Talgje kyrkje: Stillas på eine langsida er oppe og blir ståande til arbeidet er ferdig som kan ta ei tid.

Ang. Halsnøy gravplass og tilkomst osv. – status her er at kommunen er i dialog om ansvarsforhold.

Vedtak

Sakene vert tatt til orientering.

[Lagre vedtak]

Eventuelt

Sak ang. førebuing til gjevarteneste felles i sokna for trusopplæring – Ingrid blir med i ei gruppe som skal førebu dette. (Reidun, Heidi, Tor Øyvind og Ingrid)

Spørsmål lokalt på Talgje om ein konsert/foredragskveld i kyrkja med fokus psykisk helse. Aktør er Eivind Jul, tenkt som samarbeid med helselaget og det diakonale arbeidet i kyrkja. Heidi følger opp dialogen initiativtakar og sørger for dialog med diakonimedarbeidar og soknerådsleiar. Kostnaden er om lag 12 000,- må ha billettinntekter. Ein må etterstrebe fagleg innhald.

Plan for 11. februar 2025 – kveld med Egil Svartdahl med fleire i Fogn kyrkje, initiativ frå Svein Østhus.

Fokus diakoni – Ingvild Angelskår Moen var med i møtet. Innblikk i 2023, samt litt om planar framover. Dialog mellom diakonimedarbeidar og sokneråd.